

Sendes til: [postmottak@kmd.dep.no](mailto:postmottak@kmd.dep.no)

## Sluttrapport BOLYST- «Inkludering i Vågå»

Til: KMD

Fra: Vågå kommune

Dato: 02.12.15

<b>Kommune:</b>	Vågå kommune
<b>Prosjektnavn:</b>	«Inkludering i Vågå»
<b>Prosjektleder:</b>	Synnøve Vistekleiven
<b>Leder i styringsgruppen:</b>	Rådmann
<b>Kontaktperson i fylkeskommunen:</b>	Dag Arne Henriksen, Fylkesmannen i Oppland (kontaktperson i søknadsprosess).
<b>Forankring av prosjektet</b> (flere kryss er mulig)	<p><b>a) Styringsgruppe:</b> Rådmann, ordfører, prosjektleiar, leiar i politisk utval for oppvekst, kultur og omsorg (HOKO)</p> <p><b>b) Forankring i befolkningen:</b> <i>Internasjonalt råd med innbyggjarar med minoritetsbakgrunn etablert i 2015.</i></p> <p><b>c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt</b> Dei fleste tenester i kommunen: kultur og næring, teknisk, NAV, Helse. Frivillige lag og organisasjoner; Vågå idrettslag, LIONS.</p>
<b>Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?</b>	<p>Vi skal utarbeide ein modell for inkludering av flyktningar i Vågå kommune. Vi skal ha fokus på ressursene som finns i flyktningane og utvikle ein modell for offensiv og inkluderande mottakspolitikk.</p> <p>Vidare er mål for prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- At fleire av våre nye innbyggjarar blir buande i Vågå og blir inkludert.</li><li>- At barn og unge opptil 18 år deltek i minst eit fritidstilbod i Vågå</li><li>- Auka kompetanse på kultur møte i befolkninga</li><li>- Arenaer for å synleggjere gode døme og kulturen blir brakt inn i Vågå</li><li>- Barn og unge som trivst i skulen og på fritida, og som tek vare på kvarandre uansett hudfarge og kulturbakgrunn</li><li>- Auka kompetanse hjå foreldre og tilsette på kultur møte og inkludering.</li></ul>

**I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål:**

Modell for inkludering er utarbeid. Det er lagd system for mottak av nye busette flyktingar og inkluderingsarbeid i kommunen. Modellen får status som fagplan under kommuneplanen, der eit av satsingsområda er *inkludering, integrering, deltaking og medverknad*. Modellen er utarbeidd i samarbeid med alle involverte tenester i kommunen, og vi har brukt mykje ressursar på å styrke tverrfaglig samarbeid og etablere tydelig ansvars- og oppgåvefordeling. Modellen med dei mest relevante vedlegga er vedlagt sluttrapporten.

Det er vanskeleg å vurdere om måla i prosjektet er nådd. Måla er i hovudsak kvalitative og er vanskelig målbare. Vi har etablert tiltak som vi ikkje vil sjå effekten av før på lenger sikt. Det har og vore gjennomført enkeltarrangement, som ikkje vil bli vidareført. Nærare omtale av dette under.

Ei føresetnad for å lykkas med mål i prosjektet er å få prosedyrar og planverk forankra i alle tenester i kommunen.

Vågå kommune har dei siste 5- åra hatt lågare sekundærflytting. Mot tidlegare 75 % er det nå om lag 27% sekundærflytting. Det er ulike årsakar til dette, blant anna innføring av introduksjonsloven og introduksjonsprogrammet. Ein anna årsak kan være trivsel og gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Vågå kommune har over fleire år arbeid målretta med å sikre at barn og unge deltek i fritidsaktivitet. Flyktingkontoret har frå 2013 inntil juli 2015 hatt ein miljøarbeider med hovedoppgåve å inkludere barn og unge. Miljøarbeider har hatt særskilt oppfølging på fritidsaktivitet, skuleoppfølging og det er etablert ei eige leksegruppe gjennom Frivilligsentralen. Dette er eit tilbod ein dag i veka der frivillig, pensjonert lærar i samarbeid med flyktingkontoret gjev leksehjelp til barn i grunnskulealder. Vi vurderer å etablere eit leksegruppetilbod for elevar i vidaregåande opplæring.

I prosjektet har vi etablert eit tett samarbeid med Vågå idrettsråd og etablert ei fadderordning for ungar med flyktingbakgrunn. Ordninga starta opp februar 2015 og etter evaluering ønskjer vi å halde fram med ordninga etter prosjektslutt. Vi ser at fadderordninga ikkje har fungert optimalt og at det er forbettringspotensiale. Mellom anna må vi arbeide for betre forankring i kvart enkelt lag og hjå den enkelte forelder.

Vi har kommunal Frivilligsentral med fleire gode tiltak og møteplassar for målgruppa. Mellom anna leksegruppe, skravlegruppe, handarbeidskafé, svømmegruppe for innvandarkvinner med vidare. Daglig leiar ved Frivilligsentralen har vore sentral i rekruttering av frivillige enkeltpersonar, som er engasjert som buveileder/fadder ved busetting. Det er og etablert eit samarbeid med LIONS, som starta opp ei «herregruppe» i vår. Bakgrunnen var etterspørsel frå gruppa og vi ser at det er utfordrande å bygge nettverk i lokalsamfunnet, særlig for dei som ikkje er i arbeid. Denne gruppa består av etnisk norske og menn med innvandrar/flyktingbakgrunn og treffes 3 måndager i månaden. Dette er ein viktig arena både for språktrening, men og for å bygge nettverk og bli kjent i lokalsamfunnet.

Erfaring viser at det tek tid med å forankre aktiviteter og etablere velfungerande tilbud. Kommunen vil fortsette å samarbeide tett med dei frivillige som er ein viktig ressurs.

Prosjektleiari har i prosjektperioda vore sekretær for Faglig forum for oppvekstvilkår, som er eit tverrfaglig gruppe bestående av leiar i Vågå ungdomsråd, barnevernstenesta, psykisk helse, helsestasjon, skule, NAV, ungdomskonsulent, folkehelsekoordinator og flyktningkonsulent. Grappa skal arbeide med tiltak for å oppnå mål i Vågå kommune sin barne- og ungdomsplan. Som eit tiltak for å auke deltaking i fritids- og kulturtilbod vil Vågå kommune i løpet av desember 2015 lansere eit aktivitetskort for barn og unge. Dette er eit «klyppekort» med rabatterte prisar på til dømes kino, skianlegg og bowling. Dette kortet skal være til salgs, men kan og bli delt ut av Flyktningkontoret, NAV og helsestasjon til barn/unge etter behovsvurdering.

Vågå kommune har etter samfunnsutviklingsprosjektet hatt fokus på kultur møte og at barn og unge skal bli trygge på eigen identitet samstundes å være opne for andre kulturar. Prosjektet har bidratt til fleire kultur møte og dette viser seg å være viktig både for å spreie informasjon og å auke forståelse. Eksempel på gjennomførte «kultur møte»:

Fleirkulturell teatergruppe for kvinner, «Hotpot». Forestilling på FN- dagen 2014 og 2015. I tillegg hadde teatergruppa skuleframsyning for ungdomsskuleelevar og 6. og 7. trinn i forbindelse med FN-dagen 2015.

- Film (CD-plate) med klipp frå forestilling i 2014 og 2015 vil bli sendt med post.
- «Smakstelt» med servering av mat frå ulike land, som deltakarar i introduksjonsprogrammet fikk ansvar for. Gjennomført 12. og 13.juni 2015.
- Ope arrangement ved Frivilligsentralen med matsservering. Mellom anna inntekt til TV-aksjonen 2014.
- Aktiv sommarferie er gjennomført i 2014 og 2015. Dette har vore eit lavterskel tilbud for barn fullført 1. til fullført 7. trinn. Vi har hatt aktivitet med fokus på kultur og naturopplevingar. Formålet er at alle barn og unge skal få positive opplevingar i løpet av sommarferien.
- FN- dagen blir årleg markert i barnehage og grunnskulen.

Foreldreinvolvering og samarbeid med foreldre er eit viktig tiltak for å lykkast med målsettinga. Vi har etablert eit positivt samarbeid med foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU). Det er utarbeid utkast til prosedyre for mottak av minoritetsspråklege i grunnskulen, som rektor ved skulane har ansvar for å ferdigstille og få implementert. Samarbeid skule- heim er eit av satsingsområda til Vågå kommune og vi har eige plan for dette. Det er ei særskilt satsing på språkopplæring i barnehagane og det er utarbeid ei prosedyre for mottak av minoritetsspråklege. I denne prosedyren er det mellom anna skildring av rutinar ved oppstartsamtaler av minoritetsspråklege barn, foreldreoppfølging/involvering, kartlegging og ansvarsfordeling. Det er kjøpt inn egne verktøy for språktrening og ein barnehagelærer i 60 %

	<p>er øymerka oppfølging av minoritetsspråklege. Dei skulane som tek i mot busette flyktningar har øymerka ressurs for kartlegging og gjennomføring av grunnleggjande norskopplæring.</p> <p>Vågå kommune er medlem i Nasjonalt kompetansesenter for fleirkulturell opplæring (NAFO). Dette gjev tilsette kompetanseheving og faglig påfyll innan området.</p> <p>Kommunestyret vedtok i juni 2014 å etablere Internasjonalt råd i ei prøveperiode 2015-2016. Rådet starta opp i mars 2015 og har hatt 3 ordinære møter i 2015. Rådet er samansett av to politiske representantar, 3 innbyggjarar med minoritetsbakgrunn, leiar NAV, frivillig representant og sekretær. Intensjonen er å auke slik at rådet frå nyåret 2016 får 5 medlemmar med minoritetsbakgrunn. Vi ser for oss at Internasjonalt råd vil gjeva effekt på sikt. At vi skal etablere dialog, auke innflytelse og medverknad for ei gruppe som ikkje er representert politisk i kommunen. Erfaring så langt viser at det tek tid å innføre dialog som eit verktøy, og at vi må arbeide for å gjeva rådet status og forankring.</p> <p>Vi har utarbeid buveileder som er sett over til 5 språk. I forbindelse med buveiledning nyttar vi egne tilsette i tillegg til at frivillige har sagt seg villig til å delta ved busetting. Vågå kommune må arbeide vidare med å auke bukompetansen til busette flyktningar.</p>
<p><b>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</b></p>	<p>Målgruppe: Flyktningar med særleg vekt på barn og unge frå 0-18 år.</p> <p><b>Når prosjektet frem til disse?</b></p> <p>Internasjonalt råd skal sikre at målgruppa blir involvert i relevante saker og prosesser i kommunen. Det skal være eit rådgivande organ og bidra til medverking for ei gruppe som ikkje er representert politisk i Vågå kommune. For å lykkast med inkludering og å etablere meir treffsikre tiltak er vi avhengig av dialog med målgruppa.</p> <p>Vi har som nemnt etablert eit godt samarbeid med foreldre. Foreldreinvolvering og å auke kompetanse hjå foreldre generelt er eit viktig virkemiddel for å oppnå målsettinga i prosjektet. Vidare er fadderordninga gjennom lag/foreining (Vågå idrettslag) ein viktig arena.</p>
<p><b>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</b></p>	<p>Syner til vårt svar under punktet om «prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?».</p> <p><b>Gjennomførte tiltak i tråd med mandatet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi har eit godt samarbeid med frivillige. Nye tiltak i regi av frivillige er etablert.</li> <li>- Kompetanseheving: det er utarbeidd rutinar for bruk av tolk, prosedyrar for mottak av minoritetsspråklege i barnehage og prosedyrar for mottak i grunnskule er under utarbeiding. Vi har hatt ein fagdag med NAFO. Leiarar ved Vaksenopplæringa (VO) har vore på nasjonal konferanse for leiarar i VO. I tillegg er lærar i VO gjennomført kurs gjennom HiNT og er godkjent som lærar i trafikalt grunnkurs. Trafikalt grunnkurs vil bli ein</li> </ul>

	<p>del av introduksjonsprogrammet i Vågå. Tilsette frå Flyktningkontoret og Helse deltek i kursrekke i regi av RVTS: «arbeid med familier med flyktning- og innvandrerbakgrunn og vold i nære relasjonar». Vi arrangerer kurs i traumer og krysskulturell helse 11.12.15.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fleirkulturell teatergruppe for kvinner (HotPot) i 2014 og 2015. Hot Pot er ikkje berre ei teatergruppe, men ein møtestad, eit språkopplæringstiltak og eit viktig haldningsskapande tiltak for publikum. Hot Pot er prosessorientert og gruppa utviklar ei større forståing for kvarandre gjennom bevegelse, musikk, improvisasjon og historier. Forstillinga blir til gjennom øvingar og er basert på historier frå eige liv.</li> <li>- Aktiv sommarferie er gjennomført i 2014 og 2015.</li> <li>- Vi har utarbeidd ei brosjyre for buveiledning som er sett over til 5 språk.</li> <li>- Vi hadde eit felles foreldremøte for barnehage og grunnskule i oktober 2014, som hadde sosial inkludering som tema. Etter evaluering meiner vi det gir betre resultat om vi tek inkludering og foreldre som gode rollemodellar inn på ordinære foreldremøte, og på foreldreskulen som er eit tilbod for alle som har ungar som skal starte i 1.klasse.</li> <li>- Vi har i prosjektet arbeid lite med å styrke samarbeidet med privat næringsliv, men kommunen har laga betre informasjon med forventningsavklaring om språkpraksisplass (avtaler med arbeidsplassen og generell informasjon). Privat bedriftsleiar har vore med i leiarmøte i kommunen for å dele erfaringar med å ta i mot deltakar i arbeidspraksis.</li> </ul> <p>Vågå kommune har vidare etablert samarbeid med Nasjonalt senter for fleirkulturell verdiskapning (NSFV), som arrangerer tilpassa etablererkurs. Vågå kommune hadde eit møte med NSFV i Drammen i 2014. Vi er nå i ferd med å sjå på moglegheit og grunnlag for å få til eit samarbeid med NSFV i regionen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablering av aktivitetkort for barn og unge opptil 20 år.</li> </ul> <p>Alle tiltak frå søknad og mandatet er gjennomført med nokre unntak. I søknaden står det at vi skal ha tilbod om aktivitetar etter skuletid (kulturmøte), men kommunen legg vekt på inkludere busette ungar i ordinære fritids/kulturtilbod. Dette med unntak av leksegruppe for minoritetspråklege. Vi har heller ikkje arrangert kultur møteveke, da vi pga personalressursar i prosjektet har prioritert bort dette. I mandatet står det at Vaksenopplæringa skal drive kompetanseheving, men dette er ikkje gjennomført på grunn av kapasitet. «Ny i Vågå» på heimesida er heller ikkje publisert. Det er heller ikkje sett over informasjon om Helse.</p>
<p><b>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) <b>Følger opprinnelig plan</b></li> <li>b) Forsinket pga.</li> <li>c) Det er foretatt følgende justering.</li> </ul>
<p><b>Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) <b>Helt lokal effekt</b> <i>Enkelte tiltak kan komme regionen til god (som prosedyrer, brosjyre boveileder).</i></li> <li>b) <b>Effekten kommer innen flere kommune i regionen.</b></li> </ul>

<p><b>prosjektet hatt/vil ha effekt?</b> (Kryss av)</p>	<p>c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant</p>
<p><b>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet</b> (max 250 ord)</p>	<p>Prosjektgruppa består i tillegg til prosjektleiar, av nærings sjef, dagleg leiar frivilligsentral og flyktningkonsulent. Prosjektet har etablert eit godt samarbeid med FAU og frivillige lag/organisasjonar. Modellen blir utarbeidd i tett samarbeid med andre tenester i kommunen. Vi har tatt utgangspunkt i gjeldande mottaksrutinar i kommunen og systematisert dette. Vi har hatt fokus på kontinuitet og kvalitet i tverrfaglig samarbeid. Rådmannen sit i styringsgruppa for prosjektet og det er forventningar om at alle tenester i kommunen tek eit felles ansvar for å følgje opp tiltak og rutinar i modellen.</p> <p>Prosjektet har som utgangspunkt nytta seg av erfaring frå tidlegare prosjekt og oppsummering/resultat av distriktsutvikling blant anna frå Distriktssenteret. Prosjektleiar deltok i 2014 på fagsamling for bulystprosjekt med inkludering/integrering som tema.</p> <p>Vi har igangsatt ei rekke tiltak som går konkret på målsettinga og målgruppa for prosjektet. Desse er lagt inn i handlingsplanen som er vedlegg til modellen. Prosjektet er godt forankra politisk ved at Hovudutvalet for oppvekst, kultur og oppvekst er referansegruppe og ordførar sit i styringsgruppa. Prosjektet har sidan oppstart vore underlagt sektorsjef for oppvekst og kultur og etter ny organisering under rådmann. Vi har diskutert om prosjektet burde vore lagt inn i avdeling for kultur og næring for å sikre betre forankring, men vi har valgt å ikkje endre dette sidan vi har kome så langt i prosjektperioda. Etter prosjektet vil det være flyktningkontoret, under teneste for kultur og næring, som får ansvaret for å koordinere implementering av modellen.</p>
<p><b>Overføringsverdi</b> for eksempel til andre lokalsamfunn</p>	<p>Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert at dette prosjektet har lokalt og regionalt nedslagsfelt. Vår modell vil kunne ha regional overføringsverdi.</p> <p>Konkret kan ein si at følgende tiltak /produkt har overføringsverdi til kommuner i regionen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Modellen med rutinar som vedlegg.</li> <li>- Brosjyra om buveiledning.</li> <li>- Vårt samarbeid med frivillige og tiltak som er etablert i samarbeid med dei.</li> </ul>
<p><b>Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet</b></p>	<p>Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fagsamling på Frøya 20.-21.10.14.</li> <li>- KS seminar for busettingskommuner 17.02.15.</li> </ul>
<p><b>Regnskap</b> (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>Syner til utbetalingsanmodning datert 11.12.14 der regnskap for 2013 og 2014 var vedlagt.</p> <p>Vedlagt sluttrapporten er totalregnskap for perioden 2013-2015. Samt revisoruttale frå Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon.</p>

	<p><b>Totalregnskap for prosjektperioden 2013-2015- jf. poster i kostandsoverslag:</b>  Diverse gjennomføringstiltak/aktiviteter: 2 224 082,-  Frikjøp friviljuge og andre: 0  Informasjonstiltak mot målgruppa og samarbeidspart: 31 606,-  kompetanseheving tverrfagleg: 51 857,-  Prosjektkoordinator: 965 209,-  <u>Totalt: 3 271 845,-</u></p> <p><b>Rekneskap for 2015-jf. poster i kostandsoverslag:</b>  Diverse gjennomføringstiltak/aktiviteter: 1 032 640,-  Frikjøp friviljuge og andre: 0  Informasjonstiltak mot målgruppa og samarbeidspart:  kompetanseheving tverrfagleg: 32 515,-  Prosjektkoordinator: 405 805,-  Rekneskap 2015: 1 520 960,-</p>
<p><b>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under?</b> (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) <b>Stabilisere eller øke befolkningen</b></li> <li>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser</li> <li>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer</li> <li>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne</li> <li>e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen</li> <li>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd)</li> <li>g) Styrke regionale sentra</li> <li>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter?</li> <li>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?</li> </ul>
<p><b>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt</b> (maks 250 ord)</p>	<p>Modellen med vedlegg har vore på høyring og vart ferdigstilt i november 2015. Handlingsplan vil bli forankra og gjennomgått av leiargruppa på nyåret 2016. Det er i prosjektet utarbeidd verktøy som årshjul og rutinar, som skal sørge for at igangsatte tiltak blir vidareført og evaluert. Det er flyktningkontoret som får ansvaret for å koordinere mottaksarbeidet vidare. For å lykkast må alle tilsette og tenester i kommunen bidra til å følge opp vedtatte planer. Flyktningkonsulent skal være sekretær for Internasjonalt råd etter prosjektslutt.</p> <p>Det er vurdert at Internasjonalt råd vil ha ei viktig rolle i 2016 med å framleis halde fokus på tiltak som fremjar inkludering i Vågå.</p> <p>Erfaring frå Internasjonalt råd 2015 viser at vi må få til betre oppfølging etter møtene; sørge for at innspill frå rådet blir tatt vidare og følgt opp av administrasjonen. Vi vil arrangere dialogkveld i forkant av møtene i Internasjonalt råd for innbyggjarar med minoritetsbakgrunn. Dette vil være ein arena der medlemmene i rådet kan førebu seg og i fellesskap med andre kan komme med innspill til kommunen, anten til eksisterande tilbod eller forslag til nye.</p> <p>Vågå kommune har endra personalreglementet og ønskjer å tilsetje</p>

	<p>personar som speglar befolkninga. Vi har endra rutinar slik at spørsmål om språkpraksisplass skal gå via leiargruppa. Enkelte tiltak og arrangement, slik som aktiv sommarferie og fleirkulturell teatergruppe avheng av prioriteringar som kommunen gjer i budsjettarbeid dei vidare åra.</p> <p>Modellen med handlingsplan må bli revidert jamleg, til dømes annakvart år.</p>
--	---

**Vedlegg:**

Modell for Inkludering i Vågå

Utkast til handlingsplan

Prosedyre for mottak av flyktningar i Vågå kommune

Årshjul for tverrfaglig samarbeid

Årshjul forvaltning

*Film «Hot Pot» ettersendes med post*

Prosjektregnskap 2013-2015

Revisoruttale 01.12.15